



Olav Hjetland Bringedal har brøytta i heile natt.

Uskedalingane vakna opp til ein skikkelig Austlandsvinter søndag morgon og uoffisielle målingar konkluderte med at det hadde falle 80 centimeter snø sidan dagen før. Men bortsett frå det vel timelange straumbrotet laurdag kveld er det ikkje rapportert om spesielt store problem.



[Mats og Marius på Neset fryder seg over det første store snøfallet dei har opplevd.](#)

Berre etter klokka 23 kom det rundt ein halv meter. Likevel er dette ikkje rekord i nyare tid, får Uskedalen.no opplyst. Den vart sett ein februar dag i 2001 og då var snømengda rundt ein meter. Men snøen forsvann etter to dagar. Det gjer han neppe no slik varsla lyder.



Furu på Neset med uvanleg dekorasjon

Men høgst uvanlig er det store snøfallet på våre kantar og det førte til stor aktivitet med snørødding både i natte- og morgontimane i dag. Det viste seg at ryddeberedskapen var betydelig sjølv om det ikkje er vanleg med slike snøfall på våre kantar.



[Og så vart julegrana slik ei julegran skal vera](#)

Ikkje minst bøndene har bra med utstyr og ein av dei som snart kom i aktivitet var Olav Hjetland Bringedal. Då vi traff han på Neset i morgontimane i dag kunne han opplysa at han hadde brøyta heile natta.



Etter klokka 23 laurdag kveld har det falle ein halv meter snø, kan eigaren av denne bilen slå fast.

Ein annan uskedeling som har hatt mykje å gjera det siste døgeret er Sigurd Myklebust i Viking redningsteneste. Han fortel til Kvinnheringen at det har gått i eitt sidan i går. Problemet var at han sjølv køyrde seg fast i natt! Telefonane kima frå heile kommunen, for det meste frå folk som hadde køyrd seg fast i snøen. Det var også mange som hadde problem med bremsar som hadde kilt seg fast.

Problemet var først og fremst på sidevegane der brøytemannskapa ikkje hadde hatt tid til å brøyta. Men også på hovudvegane var det store problem, til dømes vedd Dimmelsvik Bil.

Også folk flest var søndag føremiddag i aktivitet med skikkeleg snøryddingsutstyr som dei faktisk hadde lengst inne i garasjen.

Og ungane fryda seg – maange unge uskedelingar har ikkje opplevd noko slikt før!

Ei gruppe som ikkje hadde grunn til å fryda seg var båteigarane. 80 centimeter snø på eit båtdekk kan ha leie konsekvensar og båtlag-leiinga oppmodar båteigarane til å ta ein tur i hamna og få fjerna snøen. Hvis det blir mildt i veret, blir snøen svært tung!

Men dekorativ er snøen og vi har truffe fleire som håpar at han blir liggande til over jula. Det er noko spesielt med kvit jul, får vi høyra.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sigurd Myklebust har hatt mykje å gjera i helga. (Foto: Kvinnheringen)